

Vestland Idrettskrets

Styremøteprotokoll [08/25]

Dato: 13.10.2025

Tid: 20:00-22:00

Stad: Microsoft teams

1. Deltakarliste

Namn	Rolle	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal	Styreleiar		x	Sjukmeld
Tone Stavland	Konstituert Styreleiar	x		
Jan-Erik Weinbach	Styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal	Styremedlem	x		
Jeanette Heggen	Styremedlem	x		
Heidi Hatlen	Styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig	Styremedlem	x		
Natalia Golis	Varamedlem		x	
Lasse Lerum	Varamedlem	x		
Randi Marie Farnes	Organisasjonssjef	x		
Ronny Lockert	Seniorrådgivar anlegg	x		

2. Sakliste

Sak nr.	Tittel
44/25	Godkjenning av innkalling og saksliste
45/25	Godkjenning av førre protokoll
46/25	Høyring – Strategisk viktige anlegg
47/25	Høyring – Fordeling av spelemidlar til idrettskretsane (Post 1)
48/25	Samarbeidsavtale VIK og Vestland fylkeskommune
49/25	Oppnemning av nye kandidatar til VIK sitt ungdomsutval
50/25	Kretstinget 2026

3. Saksbehandling

Sak 44/25 – Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak	Møteinnkalling og saksliste godkjent
--------	--------------------------------------

Sak 45/25 – Godkjenning av førre protokoll

Vedtak	Protokollen frå styremøte 07/25 godkjent
--------	--

Sak 46/25 – Høyring kriterier strategisk viktige anlegg

Saksunderlag	Høring om idrettens forslag til anleggspolitisk program Referat frå anleggsutvalgsmøte 29.09.2025
Kommentarar	NIF har sak om kriteriar for strategisk viktige anlegg ute på høyring no. Særforbund og idrettskretsar er bedt om gje inspel på følgande: 1) Inspel på dei foreslåtte kriteriane for endeleg utvelgelse av strategisk viktige anlegg for SF og IK (8 kriteriar) 2) Inspel med forslag på øvrige kriterier iht. formålet. Saken har vore behandla i anleggsutvalet. Referatet frå dette møtet gir grunnlaget for forslag til vedtak. Presiseringar: Vere enda meir tydelig – kva ligg i regionsbegrepet? Kva ligg i nybrotsanlegg? Forenkle begrepa slik at dei faktisk kan brukast.
Vedtak	Styret støttar anleggsutvalet sitt forslag til høyringssvar på kriteriar, med dei kommentarar som kom i styremøtet . Admininstrasjonen kan sende inn høyringsforslaget til NIF.

Sak 47/25 – Høyring – Fordeling av spelemidler til idrettskretsane (Post 1)

Saksunderlag	Høring – fordeling av spillemidler til idrettskretsane Utkast svarskjema høyring Post 1 Vestland idrettskrets
Kommentarar	Bakgrunnen for denne saka: <i>Norges idrettsforbund mottar spillemidler fra Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD). En andel av disse midlene fordeles som tilskudd til idrettskretsene, basert på en rekke kriterier, med formål å understøtte idrettskretsenes arbeid med å levere kjerneleveranser til idrettslagene og idrettsrådene. NIF evaluerer med jevne mellomrom alle forvaltningsordninger, og skal i 2025 evaluere post 1 – fordeling til idrettskretsene.</i>

	12. mai sendte styret i VIK inn sitt første høyringssvar på post 1 fordelinga. Basert på alle høyringsinnspela i førre runde frå dei ulike kretsane har NIF no kome tilbake med forslag til ulike modellar som vi skal gi eit høyringsinnspel til. Vi har fått tilsendt informasjon om modellane, og fått tilgang til eit berekningsgrunnlag i excel der vi har gjort ulike analysar. Det er mykje informasjon og mange detaljar både i høyringa og i modellane. Dette er krevande arbeid, spesielt gitt at idrettskretsane er så ulike i størrelse. Basert på all informasjonen og våre egne analysar har administrasjonen kome med eit forslag til høyringsinnspel.
Vedtak	Styret støttar administrasjonen sitt forslag til høyringssvar. Styreleiar og organisasjonssjef får fullmakt til å sende inn høyringssvaret til NIF i tråd med kommentarane i møtet.

Sak 48/25 – Samarbeidsavtale VIK og Vestland fylkeskommune

Saksunderlag	Utkast samarbeidsavtale Vestland idrettskrets og Vestland fylkeskommune
Kommentarar	Vestland idrettskrets og Vestland fylkeskommune ynskjer å formalisere samarbeidet gjennom ein samarbeidsavtale. Vestland idrettskrets har starta på eit utkast til denne avtalen.
Vedtak	Styret støttar administrasjonen sine innspel til samarbeidsavtale mellom Vestland idrettskrets og Vestland fylkeskommune. Styret ber om at avtalen med VLFK sine innspel vert sendt til styret for endeleg godkjenning før det sendast til politisk behandling i VLFK.

Sak 49/25 – Oppnemning av nye kandidatar til VIK sitt ungdomsutval

Kommentarar	I ungdomsutvalet sitt mandat framgår det at ungdomsutvalet sine medlemmar skal utpeikast av styret. Utvalet skal ha 5 – 7 medlemmar i alderen 15-26 år, som er tilknytta idrettslag i Vestland. Medlemmane vert oppnemnt for eitt år. Villemo Lomsdalen Marstein og Andrea Nerbøvik Persøy går ut av utvalet etter ein periode. Ungdomsutvalet har siste tida sjølv jobba aktivt med å rekruttere nye medlemmar gjennom direkte kontakt med fleire idrettslag i nord-delen av fylket eller direkte spørsmål til ungdom som har vist interesse for utvalet. Framlegg til VIK ungdomsutval 2025-2026: Magnus Hesjedal Hartwig, f. 2001, Fana IL Ingeborg Wåge Møgster, f. 2008, Nymark IL
-------------	---

	Jonas Kønig, f. 2007, Bømlo Shotokan Karateklubb Erlend Michelsen, f. 2007, Flaktveit IK Olea Nøttingnes, f. 2006, Tertnes Turn Bertine Hauge Angedal, f. 2008, Førde IL (ny) Madelen Ekerhovd Eines, f. 2008, Tertnes Alpin (ny)
Vedtak	Følgande personar blir oppnemnd som medlemmar av ungdomsutvalet for perioden 2025-2026: Magnus Hesjedal Hartwig, Ingeborg Wåge Møgster, Jonas Kønig, Erlend Michelsen, Olea Nøttingnes, Bertine Hauge Angedal og Madelen Ekerhovd Eines. Utvalet konstituerer seg sjølv.

Sak 50/25 – Kretstinget 2026

Kommentarar	Kretstinget var i Myrkdalen i 2020, i Førde i 2022, og i Bergen i 2024. Administrasjonen foreslår at vi gjennomfører kretsting på Voss i 2026.
Vedtak	Styret vedtek at Vestland idrettskrets sitt kretsting vert gjennomført 17-18. april på Voss. Administrasjonen kan reservere hotell.

4. Orienteringssaker

Tema	Notat / kommentar
Kort status drift	
Høyring idrettsrådsrapport	Idrettsrådsutvalgets rapport - høring 2025 Idrettsstyret har bedt administrasjonen i Norges idrettsforbund(NIF), i samarbeid med idrettskretsane å gjennomføre ei høyring på “Rapport for idrettsrådsutvalget - fremtidig organisering, finansiering og rolle for idrettsråd”. Det er gjennomført webinar (to ulike kveldar), og sendt ut ein spørreundersøkelse(FORMS) basert på spørsmålå frå anleggsutvalet. Svara videresendast frå Vestland idrettskrets til NIF.
Evaluering av det regionale paraiddrettsarbeidet	Rapporten er vedlagt styrepapira i eige dokument
Styre og adminsamling November 2025	
Invitasjon Idrettsgalla 2026.	Frå Innlandet IK: Vi har gleden av å invitere tillitsvalgte i idretten , sammen med fylkespolitikere fra hele landet – i tillegg presidenter og ansatte i særforbund, idrettskretser og

	Norges idrettsforbund – til et inspirerende arrangement i tilknytning til Idrettsgallaen på Hamar. Tid: 9. Januar kl 18:00 – 10. Januar. Målet? Å styrke samarbeidet mellom idrett og politikk – lokalt, regionalt og nasjonalt. Vi ønsker at alle idrettskretser tar med seg 2–3 fylkespolitikere og blir med oss på denne viktige helgen. Vi håper også at mange vil komme fra kretsen deres, både tillitsvalgte og ansatte. Innen kort tid ønsker vi svar på: 1. Om dere ønsker å delta 2. Hvor mange deltakere som kommer fra deres krets 3. Hvor mange fylkespolitikere dere tar med dere
Ungdomsutval	
Vestland fylkeskommune har sendt ut "Høyring planprogram for regional plan for areal og mobilitet" (høyringsfrist 10. Oktober 2025).	Innspela som er gitt er i tråd med «Vestland idrettskrets – vill!» I det vidare arbeidet med planen er det viktig at idretten sine behov blir ivaretekne og nemnde. Gjerne gjennom ein god høyringsprosess med lag, organisasjonar og kommunar (les: kommunale planar for idrett og fysisk aktivitet). Behovet for positiv utvikling av stadar for å auke bu-lyst og minske fråflytting er viktig også for kommunar som ikkje blir definerte som ein del av senterstrukturen. For at folk overalt skal ha eit relativt godt idrettstilbod (folkehelseperspektiv) bør det vere nok og gode nok idrettsanlegg som legg til rette for aktivitet i nærleiken av der folk bur (helst innanfor gang- og sykkelavstand). Dette for å unngå utfordringar med transport og avgrensa kollektivtilbod. I langtidsplanen til Vestland idrettskrets «Vestland idrettskrets vill!» er det peika på at alle skal kunne delta i idrett uavhengig av økonomien i familien. Det betyr i denne samanhengen at det er behov for idrettsanlegg i nærleiken av der folk bur. I langtidsplanen er det òg peika på at det skal etablerast anlegg som gjer at all ønskt aktivitet kan gjennomførast. I

	denne sammenhengen er det viktig å sjå til kartlegginga av behov for anlegg i idrettsråda og kommunane. Vestland idrettskrets har òg i langtidsplanen eit ønske om at utbygging av idrettsanlegg skal bli ein formell del av krava som styresmaktene stiller til utbyggjarar når nye bustadområde skal utviklast. Arbeidet med å styrkje rammevilkåra for toppidrett og arrangement er særleg knytt til å sikre at toppidretten sine behov blir ivaretekne i anleggsutviklinga. Det betyr at det bør vurderast ei idrettsinfrastruktur som tek omsyn til toppidretten sine behov og gjev moglegheiter for å utvikle større arrangement i regionane i fylket.
HMS	

5. Deltaking / representasjon

Dato	Arrangement	Deltakarar
13.08.25	Opning av Sædalen kunstgrasbane	Ronny Lockert
03.09.25	La oss leke sammen – nasjonal konferanse	Magnus Hesjedal Hartwig Randi Marie Farnes Helene Fraas Aida Husic Dahlen
04.09.25	La oss leke sammen – nasjonal konferanse	Helene Fraas Aida Husic Dahlen
05.09.25	La oss spille sammen – seminar i forbindelse med landsturneringen	Magnus Hesjedal Hartwig Randi Marie Farnes
08.09.25	Styremøte Idrettsklynge Vest og omvisning på Energisenteret for barn og unge	Tone Stavland Randi Marie Farnes
16.09.25	Opning av Dumpen nærmiljøanlegg	Magnus Hesjedal Hartwig Jeanette Heggen
27.09.25	Frivillighetskonferansen	Tone Stavland Magnus Hesjedal Hartwig
30.09.25	Opning av Gneist arena	Randi Marie Farnes Ronny Lockert
02.10.25	Offisiell middag og opningsseremoni VM i vektløfting Førde	Randi Marie Farnes



06.10.25-08.10.25	Besøk frå Innlandet IK, Innlandet fylkeskommune og Møre og Romsdal IK	Tone Stavland Anne-Grethe Naustdal Randi Marie Farnes Ronny Lockert
08.10.25	Idrettspolitisk dialogmøte Førde	Tone Stavland Anne-Grethe Naustdal Randi Marie Farnes Ronny Lockert Ola Rognebakke